




Kunnskapsdepartementet
 Postboks 8119 Dep
 0032 OSLO



30.12.2006

**Utale ang. forslag til endring i lov 4.juli 2003 nr 84 om frittstående skular (friskulelova)
 - konsekvensar for Vinterlandbruksskulen i Ryfylke.**

Det vert vist til brev av 10.10.2006 frå Kunnskapsdepartementet med invitasjon til å kome med høyringsuttale i forslag til lovendring.

Departementet sitt forslag vil – slik me les notatet, føre til at Vinterlandbruksskulen i Ryfylke må legge ned drifta. Det er i hovudsak to grunnar til det:

1. Dep. føreslår ei avvikling av anledningen skulen i dag har til å ta inn vaksne elevar utan rett.
2. Dep føreslår at 20 elevar pr år skal vere ei nedre grense for vere godkjent som friskule.

I aldersfordelinga mellom foreldre og barn ligg det ei relativt lang "ventetid" før barna kan overta garden. Når den eldste av barna er 20 år er foreldra gjerne 45 år, og det er fortsatt 15 år til eigarskifte kan finne stad. Løysinga på dette er at barna må ha eit anna yrke i mellomtida og utdannar seg først til det. Når tida er inne for gardsovertaking kjem dei til Vinterlandbruksskulen og får dei siste kunnskapar og inspirasjon med seg inn i bondeyrket. Vinterlandbruksskulen har eit eitt års kurs til dette.

Elvane er "vaksne utan rett" og vert ramma av punkt ein ovanfor, og tilbudet vil opphøre dersom punktet vert gjennomført.

Rogaland er i mange produksjonar det største landbruksfylket i landet og matnæringa er ei strategisk satsingsnæring i heile regionen. Me ser på skuletilbudet som Vinterlandbruksskulen gjev som eit veldig viktig bidrag i denne samanheng. Vinterlandbruksskulen i Ryfylke saman med Vinterlandbruksskulen på Jæren utdannar i dag så mykje som 70% av agronomane i Rogaland.

Vinterlandbruksskulen i Ryfylke ambulerer mellom kommunane i Ryfylke. Den flytter plass kvart år. Ein liten skule med få tilsette har lettare for å få dette til enn ein stor skule. Dessutan vil elevtilgongen i grisgrendte kommunar naturleg begrense seg til ein klasse på 12- 16 elevar pr år.

Det er kommunane i Ryfylke som eig Vinterlandbruksskulen gjennom ein stiftelse og dei støttar skuledrifta med ca 15 % av driftsutgiftene. I tillegg til statsstøtta er dette nok midlar til at skulen greier å følge dei pålagde skuleplanane,- slik den har gjort i alle år. Det vert ikkje krevd skulepengar av elevane.

Diverre er storleiken på skulen, målt i elevar, for liten til å tilfredsstillе punkt to ovanfor. Me finn det svært urimeleg at skulen må opphøre av den grunn.

Det sentrale for oss er at skulen leverer eit godt produkt i vårt distrikt. Tilbakemelding frå elevar på trivsel i klassen og læring er einstemt positivt. Me har heller ikkje sett det

SULDAL



STRAND



HJELMELAND



FINNØY



FORSAND




dokumentert at læringsutbytte for vaksne elvar er så mykje bedre når klassestorleiken passerer 20 elevar.

På bakgrunn av dette vil me be Kunnskapsdepartementet endre dei to føreslegne punkta, slik at me kan oppretthalde Vinterlandbruksskulen i Ryfylke og få ha den utdanninga den gjev til vaksne personar i bygdene i distriktet vårt.

Med helsing

Ryfylke IKS

Odd W. Bøe (Sign)
Styreleiar


Arne Kleppa
dagleg leiar